

OPNAR MÅNDAG: Skulebibliotekar Karete Fosse (til venstre) og Kjersti Torbjørnsen, avdelingsleiar ved Varhaug filial.

# Biblioteket klart

**Igjen blir det mulig å låna bøker på Varhaug.**

BRIT ROMSBOTN| tekst
br@jbl.no

Sidan 1. mai 2009 har det det kombinerte skule- og folkebiblioteket ved Varhaug skule vore stengt. Men måndag ettermiddag skal dørene opnast igjen.

– Mange har spurt etter kva tid biblioteket skal opna. Me trur ikkje det blir vanskeleg å få folk til å låna bøker på Varhaug igjen, seier Merete Friestad, bibliotekar ved Hå folkebibliotek.

På opningsdagen blir det sal av kasserte bøker, både barne- og vaksenlitteratur. Friestad opplyser at gjenopninga av biblioteket vil bli markert seinare.

Det kombinerte skule- og folkebiblioteket på Varhaug har vore stengt i samband med ombygginga av Varhaug skule.

## Feil i «Utelivets syndere»

I artikkelen «Utelivets synder» som stod i Jærbladet onsdag, kom vi i skade for å gjøre Anniken Johnsrud til daglig leder i skjenkekontrollen. Det rette er at hun er daglig leder i nettstedet skjenkekontrollen.no som er en del av avholdsorganisasjonen Juvente, og som ikke utfører noen offisiell skjenkekontroll verken i Bryne eller andre steder.

Det er Brannvesenet i Sør-Rogaland som utfører skjenkekontroll i kommunen sør for Boknafjorden. Daglig leder der heter Sverre Skårland. Jærbladet beklager feilen.




# Løkkepengane til Idas Hjelpefond

**Time kommune sa nei takk til tomtetilskot på 4.194 kroner og 50 øre.**

LEIF TORE SÆDBERG| tekst og foto
lts@jbl.no

– Nå går pengane til Idas Hjelpefond i staden for, uttaler løkkebarnas talsmann, Haakon Gundersen, til Jærbladet.

For tre veker sidan arrangerte bebuarane i Vardheia protestfotballkamp med sal av mellom anna pølser, vaflar og kaffi. Overskotet frå dagen, 4.194 kroner og 50 øre, skulle overleverast som ei symbolsk støtte til Time kommune, slik at dei kunne finna og kjøpa ei anna tomt.

## Sa nei

Livar Salte i Vardheia velforening fortel at han tok kontakt med og la fram saka for ordførar Arnfinn Vigrestad under formannskapsmøtet sist veke.

– Etter kva eg forstod kunne ikkje kommunen ta imot slike gåver. Derfor bestemte me oss for at Idas Hjelpefond kunne vera passande i staden for. Då går jo pengane til å hjelpa andre barn, og dette er eit prosjekt ungane har vore engasjert i på skulen, forklarer Salte.

Idas Hjelpefond er driven av brynejenta Ida Jaarvik Hetland. For tida driv ho eit prosjekt som skal hjelpa barneheimsbarn i Guatemala.

## Kunne ikkje

Ordførar Arnfinn Vigrestad seier at kommunen ikkje kan motta støtte av denne typen.

– Som offentleg institusjon kan me ikkje motta pengegåver som er meint til bestemte formål. Me er nøydde å styra etter politiske avgjerder, seier Vigrestad i ein kommentar.

PS: Trass i at arbeidet blir utført i ein annan verdsdel, kunne ikkje pengane blitt «investert» meir lokalt: Jaarvik Hetland budde saman med familien frå ho var 10 år i Svingen 2 - med bare eitt hus mellom balløkka og barndomsheimen. Ho var også sjølv ein ivrig fotballspelar på løkka i si tid.

**FAKTA**

**BALLØKKE-INNSAMLINGA**

- Time kommune vil bruka tomta i Svingen 6 på Vardheia til å byggja omsorgsbustadar for funksjonshemma.
- På dette området ligg ei balløkke brukt av barna i nabolaget, som bebuarane ønskjer blir verande.
- Dei samla nyleg inn ein symbolsk pengesum på 4.194,50 kroner til kommunen, slik at dei kunne kjøpa seg ei anna tomt.




WÆÆÆÆÆH!Stemma til løkkebarna i Vardheia blei ikkje høyrt i denne omgang. Nå blir det barn i Guatemala som får nytte og glede av pengane dei var med på å få inn. Framme frå venstre: Nora Kristine Laland, Live Aareskjold Salte, Marselius Skrudland Hetland, Simon Haarr, Vebjørn Strømø Stangeland og Haakon Gundersen. I midten: Andreas Aareskjold Salte. Bak frå venstre: Erlend Bjørnevik Ueland, August Haarr, Jonas Haarr og Sem Gabriel Moseid.

# Vilt i Wipeout

**Lars-Vegard Hole fra Klepp fikk 10 kjekke, men tøffe dager i Argentina.**

TRUDE LEA| tekst
tl@jbl.no

I januar var nemlig 24-åringen på opptak for programmet, som ledes av Synnøve Skarbø, og i disse dager sendes på TVNorge hver onsdag. Med nesten 1000 søkere, måtte han gjennom noen opptaksprøver som ble gjort unna i Kristiansand.

– Der måtte vi vise en vill side av oss selv, vise at vi kunne lage show, som jo er en viktig ingrediens i programmet. Det var overhodet ingen tam gjeng som reiste nedover, sier han.

– Hvorfor meldte du deg på?

– Jeg hadde lyst til å prøve meg i den noe spesielle hinderløypa. Og så gjorde det jo ingenting at opptakene foregikk i sol og varme.

For to dager siden, i episode nummer sju, var Hole i fokus, og kleppsbuen sier det var enkelte av innspillingsdagene som var knallharde.

– Jeg pådro meg noen småskader, og fikk et par smeller i ribbeina, sier Hole, som også fikk kjenne at den argentinske maten ikke var helt bakteriefri.

– Jeg var skikkelig dårlig den ene dagen, så det er mulig jeg fikk en lett matforgiftning, sier han.

Til daglig jobber 24-åringen på Klepp Auto, og holder seg i form ved å trene endel styrke. Det kom selvsagt godt med under konkurransen.

– Kondisen var det heller så som så med, ler han.

I premiepotten lå det 50 000 kroner. Hole klarte ikke å kvalifisere seg til den store finalen, men kom allikevel videre fra de første kvalifiseringsrundene.



I GJØRMA:Lars-Vegard Hole fra Klepp fikk testet melkesyra i den gjørmete og tøffe hinderløypa under opptakene til sesongens Wipeout på TVNorge. (Foto: TVNorge)

**FAKTA**

**WIPEOUT**

- Hva: Et amerikansk gameshow/realitykonsept, som TVNorge for første gang sendte i norsk versjon i 2009.
- Konkurranse: Programmet går ut på at 24 deltakere fra tre land; Norge, Sverige og Danmark, skal konkurrere i en hinderløype, for så å komme seg fram til «The Wipeout Zone». Klarer de dette, er de med og kjemper om premien på 50 000 kroner.
- Deltakere: Mellom 18 og 60 år, som må være svømmedyktige.
- På skjermen: Sendes hver onsdag på TVNorge klokken 20.30

Gratis hjulskift
Tirsdag 2. nov. kl 07.00—17.00
Vi serverer frokost, kaffe og kake
*Benytt også muligheten å prøvekjøre*
NY Toyota AURIS HYBRID
*Vi har også mange flotte bruktbiler i hallen*
NB: Husk hjulmuttere
Velkommen til oss!
www.toyotaegersund.no
TOYOTA
Bøgh Hafsø a/s
Bilsalg - Deler - Verksted - Bilutleie
Tlf. 51 46 17 00